



Nasjonalparkstyret
for Reinheimen

Møteprotokoll

Utvalg: Nasjonalparkstyret for Reinheimen

Møtested: Åndalsnes, Hotel Aak

Dato: 24.06.2022

Tidspunkt: 09:00 - 12:00

Følgende faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon	Reprenter
Live Langøygard	Medlem	Vågå
Mariann Skotte	Medlem	Lesja
Inger Line Flydal	Medlem	R-B Villreinutval
Bjarne Eiolf Holø	Nestleder	Lom
Per Magnus Berdal	Leder	Fjord
Hans Kristian Enge	Medlem	Innlandet
Torbjørn Rødstøl	Medlem	Møre og Romsdal

Følgende medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Reprenter
Edel Kveen	Medlem	Skjåk
Magnhild Vik	Medlem	Rauma

Følgende varamedlemmer møtte:

Navn	Møtte for	Reprenter
Morten Kielland	Edel Kveen	Skjåk

Merknader:

Bjarne Eiolf Holø deltok i møtet via Teams.

Det ble ikkje kalla inn vara for Magnhild Vik, da forfall til styremøte kom på stutt varsel før møtet.

Øvrige frammøtte:

Navn

Kristine Sørli, Nasjonalparkforvaltar
Mari Melbø Rødstøl, Nasjonalparkforvaltar
Thomas Rødstøl, SNO

Underskrift:

Vi bekrefter med underskriftene våre at det som er ført på de sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som ble vedtatt på møtet.

Per Magnus Berdal
Sign.

Hans Kristian Enge
Sign.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 19/2022	Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar		
ST 20/2022	Referatsaker		
	Ber om pålegg om retting - rapport - Reinheimen NP - ulovlig oppsatt garn/proviantkasse ved Fellingsvantet		2020/3413
	Delegering av myndighet etter naturmangfoldloven § 73 fjerde ledd til å frafalle vedtak om tvangsmulkt - statsforvalteren og nasjonalpark- og verneområdestyrene		2021/1187
	Søknad - Skjåk - fysiske tiltak i vassdrag - sikring av området rundt Billingen Seterpensjonat mot erosjon frå Tora		2022/4836
ST 21/2022	Delegerte saker		
DS 29/2022	Delegert vedtak - dispensasjon - Ottadalen LVO - båndtvangbestemmelsene - 2022 - 2025 - taksering av rype - Finndalen fjellstyre		2022/5582
DS 30/2022	Delegert sak - dispensasjon - Finndalen LVO - uttak av grus til bruk på Finndalsvegen - Finndalsvegen v/ Hallgeir Vang		2022/5590
ST 22/2022	Reinheimen NP - dispensasjon - 2022 - oppsetting av vedkasser - Skurveosbu og Nørdre Grønvassbu - Lesja Fjellstyre		2022/5206
ST 23/2022	Lordalen LVO - dispensasjon - byggetiltak på Bjørknesetra i Lordalen - altan og platting - gbnr 157/1/53 - Inger Marie Nyløkken - Jan Petter Hagen		2022/5323
ST 24/2022	Finndalen LVO - dispensasjon - restaurering og gjenoppføring av gammelt seterhus - Breidstulen gbnr 159/1/44 - Gudrun og Odd Joar Ramstad		2021/9166
ST 25/2022	Reinheimen NP - dispensasjon - 2022 - helikoptertransport av personer, for merking av analyseruter i regi av NINA - Heliwing Helikopter		2022/3780
ST 26/2022	Orienteringar		

ST 19/2022 Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 24.06.2022

Behandling

Mariann Skotte ber om at søknader og evt. uttale frå andre, blir lagt til som vedlegg i saksutgreiing til styresaker. Dersom heile søknaden og aktuelle uttalar er kopiert og limt inn i saksutgreiinga, er det ikkje nødvendig å leggje til søknaden som vedlegg. Styret er samde i merknaden frå Mariann Skotte og ber forvaltarane følgje opp ved utsending av innkalling og sakliste.

Vedtak

Ingen merknader til innkalling og sakliste, utover innspelet frå Mariann Skotte om vedlegg til saksutgreiing.
Hans Kristian Enge vart vald til å signere protokollen saman med styreleiar.

ST 20/2022 Referatsaker

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 24.06.2022

Behandling

Ingen merknader.

Vedtak

Referatsaker vart teke til orientering.

ST 21/2022 Delegerte saker

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 24.06.2022

Behandling

Ingen merknader.

Vedtak

Delegerte saker vart teke til orientering.

ST 22/2022 Reinheimen NP - dispensasjon - 2022 - oppsetting av vedkasser - Skurveosbu og Nørdre Grønvassbu - Lesja Fjellstyre

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 24.06.2022

Behandling

Samrøystes som innstillinga.

Vedtak

Med heimel i verneforskrift for Reinheimen nasjonalpark § 3, pkt. 1.3 b), får Lesja fjellstyre dispensasjon til bygging av vedskasse inntil eksisterande hytter, Skurveosbu og Nørdre Grønvassbu i Reinheimen nasjonalpark.

Dispensasjonen er gjeve med følgjande vilkår:

- Vedkassene skal ha dimensjonane; 180 cm brede, 100 cm dype og 100cm høye.
- Vedskassene skal plasserast inntil eksisterande hytte.
- Det skal påførast same farge som hytta og taket skal ha ei matt overflate som ikkje blenkjer.
- Frist for gjennomføring av tiltaket inkludert opprydding, er ila juni 2023. Etter denne fristen fell løyvet bort.

Vi gjer merksam på at Statens naturoppsyn (SNO-Reinheimen) vil kontrollere at tiltaket er gjennomført i samsvar med vedtaket. Tiltaket må òg avklarast med Lesja kommune.

ST 23/2022 Lordalen LVO - dispensasjon - byggetiltak på Bjørknesetra i Lordalen - altan og platting - gbnr 157/1/53 - Inger Marie Nyløkken - Jan Petter Hagen

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 24.06.2022

Mariann Skotte

Nasjonalparkstyret for Reinheimen utsett saka, og ber om at forvaltar tek kontakt med søkjer for å orientere om vernereglane i Lordalen lvo, og uttala frå Innlandet fylkeskommune, for å finne ei alternativ løysning til altan/platting på seterhuset.

Behandling

Nasjonalparkstyret drøfta saka, og forslaget frå Mariann Skotte.

Ved røysting vart forslaget frå Mariann Skotte om å utsette saka, og be forvaltar ta kontakt med søkjar, samrøystes vedteke.

Vedtak

Nasjonalparkstyret for Reinheimen utsett saka, og ber forvaltar ta kontakt med søker for å orientere om vernereglane i Lordalen lvo, og om uttala frå Innlandet fylkeskommune, for å finne ei alternativ løysning til altan/platting på seterhuset.

Ny søknad skal leggast fram for Nasjonalparkstyret til behandling så snart som mogleg.

ST 24/2022 Finndalen LVO - dispensasjon - restaurering og gjenoppføring av gammelt seterhus - Breidstulen gbnr 159/1/44 - Gudrun og Odd Joar Ramstad

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 24.06.2022

Behandling

Samrøystes som innstillinga.

Vedtak

Med heimel i § 48 får Odd Joar Ramstad dispensasjon til å ta ned seterhuset for resturering, og sette opp att seterhuset på Breidstulen, f.nr. 44 i Finndalen landskapsvernområde.

Dispensasjon er gjeve med følgjande vilkår:

- Seterhuset er i tømmer og skal restaurererast med mest mogleg gjenbruk av opphavelag bygningsmateriale.
- Seterhuset skal setjast opp på same tomt og med same orientering i landskapet som før. Møneretningen skal være parallell med dalføret, og bygget etter oppsetting skal ha eit utvendig mål på 7 x 8 meter.
- Plassering av dør og vindaugsopningar skal være slik som på det opphavelage seterhuset.
- Det skal leggjast tretak, torvtak eller anna naturvennleg materiale, som t.d. skifer.
- Tømmerveggane på bygningen skal vera ubehandla, for å få ei naturleg gråning, eller påførast mørk beis.
- Bygging av terrasse, platting eller veranda er ikkje tillate.
- Restaurering og oppsetting av seterhuset, inkludert opprydding skal gjennomførast innan 30.09.2023.

Statens naturoppsyn (SNO – Reinheimen) vil kontrollere at tiltaket er gjennomført i samsvar med vedtaket. Tiltaket må og avklarast med Lom kommune.

ST 25/2022 Reinheimen NP - dispensasjon - 2022 - helikoptertransport av personer, for merking av analyseruter i regi av NINA - Heliwing Helikopter

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 24.06.2022

Behandling

Samrøystes som innstillinga.

Vedtak

Med heimel i verneforskrift for Reinheimen nasjonalpark § 3, pkt 6.1, får Heliwing Helikopter avslag på søknad om helikoptertransport av personer, for å merke analyseruter og gjennomføre botaniske registreringer i Reinheimen nasjonalpark.

Det er ikkje heimel i verneforskrifta for å gje løyve til persontransport inn i verneområdet.

ST 26/2022 Orienteringar

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 24.06.2022

Behandling

Forvaltarane orienterte om følgjande:

- Flom, erosjon og sikring i Finndalen - rapport frå NGI, NINA og NIKU - Ope møte 02.06.22 med NGI og aktørar i Finndalen. Forvaltninga fekk skryt frå brukarinteressene i området. Rapporten med forslag til sikringstiltak blir ferdigstilt før sommarferien.
- Brukerundersøkelser i Reinheimen 2022 - gjennomføring som planlagt, 20 kasser ute, SNO og tenestekjøp, arbeid i sommar med å skaffe konsulent til etterundersøking, analyse og rapport til verdi av kr. 300 000,-.
- E-136 gjennom Romsdalen lvo - Nye Veier har teke over prosjektet. Teamsmøte med Nye Veier og miljødirektoratet 23.06., gav positive signal. Nye Veier vil legge fram nytt forslag til planprogram i haust, og dialog med nasjonalparkstyret vil skje parallelt med planprosessen i tidleg fase. Det blir ny høyring og synfaring.
- Tiltak i Reinheimen 2022 - forvaltarane gjekk gjennom status for skjøtsel og tilrettelegging- og informasjonstiltak. Rasteplassen på Slettvikane med flytting til vestsida av vegen, og bygging av do går mot ei endeleg avklaring. Eigar, drift og vedlikehald er avklart. Det står att behandling i Nasjonalparkstyret om bygging av do og etablering av rasteplass, samt supplerande tildeling i haust. Ein føresetnad for supplerande tildeling er at det er ubrukte midlar frå andre verneområde.
- Møteplan vart drøfta, men slik forslag til møter 2.halvår:
23.sept. - Billingen i Skjåk
7.-8.nov. - Norsk fjellsenter i Lom, inkl. Rådgjevande utval med hovudtema om villrein og informasjon om revidering av forvaltningsplan.
9.des. - Teams

Vedtak

Møteplan - 2.halvår 2022:

Fredag 23.september - Styremøte og synfaring på Billingen

Torsdag 7.- fredag 8. november - Møte i rådgjevande utval og styremøte på Norsk fjellsenter i Lom

Fredag 9.desember - digitalt møte, Teams

I tillegg kan det bli kalla inn til digitale møte på stutt varsel, dersom det er hastesaker som krev politisk behandling.

Slettvikane - Informasjonspunkt, rasteplass og utedo

Med bakgrunn i tidlegare prosess, og endeleg avklaring om drift og vedlikehald av do på Slettvikane, stiller nasjonalparkstyret for Reinheimen seg positiv til å søke om supplerande tildeling av midler for restfinansiering av do på Slettvikane. Nasjonalparkstyret ber forvaltarane om å søke miljødirektoratet om supplerande tildeling i haust, på kr. 350 000,- til do på Slettvikane i Trollstigen lvo.